

KULTURNATT ETNE 2017

laurdag 4. februar
kl 11.00 - 02.00

Kunst og handverk
Musikk og litteratur
Idrett og uteaktivitetar
Underhaldning og dans
Ungdommens kulturmønstring

Eg vil barre
planta noken piltesmå
løktastolpefrø

utpå våren eingong
ska me gjedna
bjønda å skimta
kvarrandre

Ingvar Moe

© Aud Sigrd Flesland

www.skakke.no



Kulturnatt Etne

Gjennomgangsbillett (armband)

Vaksne kr. 200, born (6-15 år) kr. 50

Førehandsal på Skakke.no, eller på kulturhuset frå kl. 10.00. Du får også kjøpa billett på arenaer utanfor Skakke. Gjennomgangsbillett/armband gjeld på alle arrangement i Kulturnatt.

Kulturnattnemnda 2017

- Berit Rafdal tlf. 480 28 846
berirafd@online.no
- Jimmy Næs tlf. 902 38 354
frivillig.etne@gmail.com
- Solveig Håheim tlf. 991 63 695
solveig.haheim@haugnett.no
- David Sanchez / Edna Trovanelli
edna.haraldseid.trovanelli@etne.kommune.no
- Mette Lise Hanssen tlf. 489 96 179
resepjon@skakke.no
- Ragni Sunniva Fett tlf. 908 44 885
ragni@haugnett.no

Matsservering

Kaféen på Skakkesenteret: Kaféen på Skakke er oppe frå kl. 11.00 (må ha gjennomgangsbillett)

Fugl Fønix Cafè: kl. 12.00 – 21.00: Kulturlønsj

Velkommen til Kulturnatt 2017

Kulturnatt er eit arrangement som etter kvart blir etterspurt av publikum utover Etne sine grenser. Me nyttar lokale krefter, eller som har tilknytning til Etne og distrikta rundt.

Også i år har me eit rikholdig utval kulturopplevingar for både store og små. Håpar du les programmet godt, og får med deg det du er interessert i.

Det meste skjer på dei ulike arenaer på Skakkesenteret, med foajeen som samlingspunkt og kafe. Her møter du folk, her kan du få deg mat og kaffi og nysteikte skillingsboller. Nokre av aktivitetane er også lokalisert her. Elles skjer det ulike ting også på Sæbøtunet, Ståvo, omsorgssenteret og hotellet.

Billettsalet går i år gjennom Skakke sitt billettsystem. Det betyr at du kan førehandsbestilla billetter på nett, for så å få gjennomgangsbandet når du møter opp på Skakke. Eller du kan kjøpa billett når du kjem.

Kulturnatt Etne er eit samarbeid mellom kulturhus, kommune, frivilligsentral og lag og organisasjonar i Etne. Det meste blir gjort på dugnad. Mange av aktørane stiller også opp på dugnad.

Me har etter kvart fått fleire støttespelarar, som gjer at me kan utvida tilbodet. I år har også fylkeskommunen funne å kunna gje tilskot til Kulturnatt Etne.

Takk til alle som er med å gjera årets kulturnatt til eit godt og allsidig arrangement.

Helsing nemnda



UKM «Ung Kultur Møtes»

Kinosalen kl. 15.30
Armband gjeld som inngangsbillett - eller enkeltbillett kr. 100/50

UKM vert som tidlegare år arrangert i kinosalen på Skakke. Opplev kommunen sine unge talent utfalda seg i ulike uttryksformer som musikk, film, dans, kunst, foto, teater, design, akrobatikk, litteratur mm.

UKM er den største kulturarenaen i Norge for ungdom og ei ramme for utvikling, inspirasjon og eksponering. Kvar vinter vert det gjennomført over 350 lokale mønstringar der over 25 000 ungdommar deltek.



Kulturnatt for born og ungdom

Sjå nærare omtale vidare i programmet

- Kl. 11.00 – 13.00 Wii og PS3 i studierommet på biblioteket
- Kl. 11.00 – Forteljing for born. Jorunn Grindheim fortel om «Oldemor» frå bøkene til Ingvar Moe
- Kl. 11.30 – Collage av brukte aviser og magasin der me jobbar fram mot ei utstilling, biblioteket
- Kl. 12.00 – Bibbi og Boffen: «Boffen er veldig sjuk...». Kinosalen
- Kl. 12.30 – 14.30 Husflidsverkstad for små og store. Foajeen
- Kl. 13.00 – 15.00 Idrettens dag. Hallen
- Kl. 15.00 – 17.00 Wii og PS4 i studierommet i lillesalen
- Kl. 15.30 – Ung Kultur Møtes. Kinosalen



PROGRAM FOR KULTURNATT

Skakkenteret er ope 10.00 – 02.00
Biblioteket er ope 11.00 – 18.00

Kulturquiz

11.00 – 18.00 Skakkenteret, biblioteket
Finn svaret på ulike kulturspørsmål. Bokpremie!

Wii / PS3 / PS4 Spel for born og unge.

11.00 – 13.00 Skakkenteret, studierommet på biblioteket.

15.00 – 17.00 Skakkenteret, litesalen

Forteljing for born

11.00 – 11.30 Skakkenteret, biblioteket
Jorunn Grindheim fortel om 'Oldemor' frå bøkene til Ingvar Moe.



Collage – klypp og lim og lag bilete

11.30 – 12.30 Skakkenteret, biblioteket
Collage av brukte aviser og magasin der me jobbar fram mot ei utstilling. Tema: barnebokfigurar.


Middagsdans

11.30 – 12.30 Skakkenteret, foajeen
Me inviterer til svingom midt på dagen med musikk av lokale trekkspelkjendisar. Fin start på dagen!



Teater for born

12.00 – 12.30
Skakkenteret, kinosalen
Når ein er sjuk, får ein eta så mange hundekjeks ein vil. Boffen er veeeeeldig sjuk...



Fotokurs / workshop

med Svein Egil Økland
PRAKTISK FOTOGRAFERING OG REDIGERING
12.00 – 16.00 Skakkenteret, kafeen

Kva skal til for å ta gode bilete? Korleis redigerer og klargjer me bilete for bruk? Kurset baserer seg på bruk av SLR speilrefleks kamera og det som vart gjennomgått av grunnleggjande innstillingar av kamera frå førre kulturnatt. Det er stor fordel om kursdeltakaren kjenner godt til manuelle innstillingar av kamera, men ikkje krav. Alle vil ha utbyte av kurset. Me går gjennom praktisk fotografering ute og inne, komposisjon, bruk av stativ og fjernutløysar, bruk av råformat RAW filar, redigering og klargjering av bilete med Adobe Lightroom, publisering på sosiale media som td. facebook og instagram. Ta helst med eige fotoutstyr som kamera og stativ, samt PC med ferdig installert Adobe Lightroom eller annan tilsvarende programvare. Adobe Lightroom kan du lasta ned som 30 dagars prøveversjon.

Påmelding og ev. spørsmål rettar du til Svein Egil Økland, tlf. 918 75 455 eller på mail: svein.egil.okland@gmail.com

Kursavgift kr 600,- som du betalar ved fram møte.



Kulturhistorisk vandring med kunstnarisk innslag

11.30 – om lag 14.00
Martin Dyrseth er turleiar på kulturhistorisk vandring rundt sjøen og til Sæbøtunet. På Sæbøtunet tar Marta Onstein og Steinar Aalvik imot dykk med varm gløgg og gode historier i den nye forteljarskuten..
Møt opp på Skakke kor turen startar.



Husflidsverkstad for små og store

12.30 – 14.30 Skakkenteret, foajeen
Husflidslaget stiller igjen med aktivitetar for små og store.

Idrettens dag – open dag i hallen

12.30 – 14.30 Skakkenteret, idrettshallen
Etne IL presenterer alle dei flotte tilboda som finst. Det blir mogleg å prøva handball, innebandy, turn, fotball, ski, friidrett og bordtennis. Det blir servert nysteikte lappar, kaffi, smoothie og frukt frå Bama. Du får info om medlemskap, kontingent og forsikringar.



Etne Musikklag

13.30 – 14.00 Skakkenteret, amfiet
Laget har medlemmer frå Etne og Vindafjord. Dirigent Per Olav Paulsen kjem frå Stord kvar måndagskveld for å losa laget gjennom øvingane. På Kulturnatt vil dei spela feiande flott korpsmusikk i kjend stil.



Forfattarmøte

13.30 – 14.30 Skakkenteret, biblioteket
Etne-forfattaren Geir Molland fortel om sin nyaste roman 'Ondskapens sæd', ein spenningsroman som viklar saman liva til flyktingen Elsa, politietterforskarer Bernhard Mohn og bonden Oscar Grevland, og ein serie med ritualistiske drap. Etterpå kan de møta forfattaren utanfor biblioteket, der han sel og signerer bøker.



Video – Fjøsna Trevareverkstad


14.00 – 14.45, Skakkenteret, litesalen
Etne videoklubb viser digitalt opptak av trevareverkstaden, reiskap, og det første likestraums-kraftverket i Etne.



Møte med vener av Ingvar Moe

15.00 – 16.30 Biblioteket

To Sunnhordlandsdiktatarar som kjende Ingvar Moe godt, Einar Økland og Per Olav Kaldestad, skal ha ei drøsestund om personen, diktaren, og kåsøren. Tone Kvamen og Marta Gro K. Håland les dikt.



UKM («Ung Kultur Møtes»)

15.30 – om lag 17.00 Skakkesenteret, kinosalen
Opplev kommunen sine unge talent utfalda seg i ulike uttrykksformer som mellom anna musikk, film, dans, kunst, foto, teater, design, akrobatikk, litteratur mm.



KM-karane

15.30 - Ståvo

16.00 - Etne omsorgssenter

I år er det KM-karane som vil underhalda på Ståvo og omsorgssenteret til glede for dei som bur og vankar der – og alle andre som ønskjer høyra karane syng!



Taffelmusikk ved Kjell Pedersen

16.00 – 17.00 Skakkesenteret, foajeen

Konsert med Solveig og Torbjørn

17.30 – 18.30 Skakkesenteret, Litlesalen
Solveig Sørheim og Torbjørn Tveita Reiso held ein intimkonsert i litlesalen under årets Kultur natt. Temaet for konserten er folkemusikk, der hovudtyngda vil ligga på norske viser og folketonar. Men sjå ikkje vekk frå at dei svingar innom folketonar frå andre land og! Kanskje finn ein ut at folkemusikk frå forskjellige land har meir til felles enn ein trur?

Solveig er utdanna komponist og organist, medan Torbjørn spelar klassisk gitar. Dei er begge utdanna ved Griegakademiet i Bergen. Dei jobbar til dagleg som henholdsvis organist og kultur- og grunnskulelærer i Etne.



Skakkekoret

Skakkekoret

19.30 – ca. 21.00 Skakkesenteret, kinosalen
Skakkekoret er eit damekor med 20 damer frå Etne og Vindafjord. Skakkekoret har hatt fleire små og store prosjekt med ulike sjangere innan populærmusikk. På kultur natt vil ein få ein smakebit frå soul og kørtriprosjektet dei har hatt tidlegare. Det blir ein konsert med Skakkekoret og fullt band, med mange godlåtar.

Konsert med The Hardship

21.00 – 02.00 Hotel Fugl Fønix, Svingen
«The Hardship» er eit lokalt firemannsband med utgangspunkt i akustisk pop/rock. Bandet består av Audun Stene på slagverk, Peter Øren på bass, Jan Terje Rafdal på vokal og gitar og Geir Marius Halleland på gitar. Alt låtmateriale dei presenterer er sjølvkomponert.



Jarmer & Odeen kvartett

Pubkveld med

Jarmer & Odeen kvartett

21.00 – 02.00 Skakkesenteret, foajeen
Jazzkvartetten er sett saman av rutinerne musikarar frå Etne og Vindafjord, og debuterte på Kultur natt i 2011. Tilbakemeldingane var gode, og kvartetten har hatt enkelte konsertar år om anna. Bandet spelar variert jazz og jazzrock med låtar av m.a. Duke Ellington, Miles Davis, Joe Zawinul, Jaco Pastorius m.fl. Etter ein lengre dvaleperiode er det ein spelesugen kvartett som gleder seg til å spela saman på Kultur natt på Skakke. Jarmer&Odéen kvartett er samansett av : Morten Odéen, trombone, Lasse Jarmer, piano, Anders Lunde, bass, Arne Haugen, trommer.

Kulturnatt Etne

Laurdag 4. februar 2017

Gjennomgangsbillett kr. 200 / born kr. 50* kan kjøpst på Skakke.no eller på Skakkesenteret frå kl. 10.00..

11.00 – 18.00	Kulturquiz	Biblioteket
11.00 – 13.00	Wii / PS3	Biblioteket
11.00 – 11.30	Forteljing for born	Biblioteket
11.30 – 12.30	Collage – klypp og lim	Biblioteket
11.30 – 12.30	Middagsdans	Foajeen
11.30 – oml. 14.00	Kulturhistorisk vandring med kunstnarisk innslag:	Start Skakke
12.00 – 12.30	Teater for born	Kinosalen
12.00 – 16.00	Fotokurs med Svein Egil Økland - PÅMELDING	Kafeen
12.30 – 14.30	Husflidsverkstad for små og store	Foajeen
12.30 – 14.30	Idrettens dag	Hallen
13.30 – oml. 14.00	Etne Musikklag	Amfi
13.30 – 14.30	Forfattarmøte	Biblioteket
14.00 – 14.45	Video – Fjøsna Trevareverkstad	Litlesalen
15.00 – 16.30	Møte med vener av Ingvar Moe	Biblioteket
15.00 – 17.00	Wii / PS4	Litlesalen
15.30 – oml. 17.00	UKM («Ung Kultur Møtes»)	Kinosalen
15.30 – 16.00	KM-karane	Ståvo
16.00 – 16.30	KM-karane	Omsorgssenteret
16.00 – 17.00	Taffelmusikk ved Kjell Pedersen	Foajeen
17.30 – 18.30	Konsert med Solveig og Torbjørn	Litlesalen
19.30 – 21.00	Skakkekoret	Kinosalen
21.00 – 02.00	Pubkveld med Jarmer & Odeen kvartett	Foajeen
21.00 – 02.00	Konsert med The Hardship	Fugl Fønix, svingen

Hovudsponsor:



Hordaland Fylkeskommune yter tilskot til Kulturnatt.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen



ETNE KOMMUNE



**ETNE
EL. LAG**

Ungdomslaget Fram



Etne Betong AS